



Etne 24.04.2018

Etne Elektrisitetslag SA
Det vert med dette kalla inn til ordinært årsmøtet i
Etne Elektrisitetslag SA 23. mai, kl. 19.30 på Skakke.

Innkalling og sakliste vert sendt i brev til alle medlemmer med kjend adresse. Fullstendig saksutgreiing vert lagt ut på www.etneelag.no 4 veker før årsmøtet. Saksutgreiinga kan og hentast i resepsjonen i administrasjonsbygget frå og med 25. april, 2018, eller blir sendt til dei som særskilt ber om det. Det same gjeld saksutgreiinga knytt til omdanninga.

Desse sakene ligg føre:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste, oppgåve over møtande medlemmer
2. Opning av møtet, val av møteleiar
3. Val av 2 personar til å skriva under møteprotokollen, to medlemmer til underskriving av protokoll, samt val av teljekorps
4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2017
 - a. Godkjenning av årsmelding for 2017
 - b. Godkjenning av rekneskapen for 2017
 - c. Disponering av årsoverskot for 2017
5. Godkjenning av revisjonsgodtgjersle for 2017
6. Styrets forslag om godkjenning av omdanningsplan for omdanning frå samvirkeforetak til aksjeselskap i samanheng med gjennomføring av transaksjonsavtale med BKK AS. Vedtektsendringar.
7. Val:
 - a). Styremedlemmer
 - b). Styreleiar
 - c). Medlemmer til valnemnd
8. Fastsetje godtgjersle for tillitsvalde

Saksdokumenta er utlagt til gjennomsyn på Etne Elektrisitetslag sitt kontor, og på vår heimeside www.etneelag.no 4 veker fram til gjennomføring av det ordinære årsmøtet og kan lastast ned av medlemmene der. Det same gjeld omdanningsplanen med tilhøyrande dokument. Medlemmene kan få tilsendt saksdokumenta, herunder omdanningsplanen med tilhøyrande dokument dersom ein ber om det. Alle medlemmer vert med dette innkalla til møtet.

Desse kan møte på årsmøtet:

Berre fysiske / juridiske personar som er sluttbrukarar av elektrisk energi, og som inngår avtale med føretaket om tilknytning til føretaket sitt kraftnett, kan vera medlemmer av føretaket. Sluttbrukarar som berre inngår avtale om nettilknytning for fritidshus, kan likevel ikkje vera medlemmer av føretaket.

Medlemmer som ikkje fyller vilkåra for medlemskap på dagen for årsmøtet, har ikkje røysterett.

Etne Elektrisitetslag SA
Wenche Irene Strand Drange
styreleiar



Sak 01/18

Godkjenning av innkalling og sakliste, oppgave over møtande medlemmer

Fullmakt - Vedtektene § 6:

«Eit medlem kan gi ein annan – som ikkje treng å være medlem – skriftlig fullmakt til å møte og stemma på vegne av vedkommande på årsmøtet.

Fullmakta skal i så fall leggjast fram på årsmøtet. Ingen kan møte som fullmektig for meir enn eit medlem»

Vedlegg:

1. Fullmaktsblankett

Sak 02/18

Opning av møtet, val av møteleiar

Valnemda sitt framlegg til vedtak:

Møteleiar årsmøte 2018: Styreleiar Wenche Irene Strand Drange

Sak 03/18

Val av referent, 2 personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar, samt val av 2 personar til teljekorps

Sak 04a/18

Styret si årsmelding for 2017.

Styret si årsmelding for 2017 vart samrøystes vedteken i styremøte 23. april 2018, **sak 08/18**

Styret si årsmelding 2017 er lagt ut som eige dokument på www.etneelag.no.

Styret si tilråding til årsmøtevedtak:

Styret tilrår årsmøtet å godkjenne EEL si årsmelding for 2017

Sak 04b/18

Rekneskap for 2017.

Rekneskapen for 2017 som består av Resultatrekneskap, Balanse og Noter til rekneskapen er lagt ut som eige dokument på www.etneelag.no.

Det blir gitt nærare orientering om rekneskapen for 2017 på årsmøtet.

Styret si tilråding til årsmøtevedtak:

Styret tilrår å godkjenne rekneskapen for Etne Elektrisitetslag SA for 2017

Sak 04c/18

Disponering av årsresultatet for 2017

Netto årsresultatet for 2017 er på kr. 2,522 mill.

Styret si tilråding til årsmøtevedtak:



Årsresultatet for 2017 på kr. 2,522 mill. vert lagt til egenkapitalen

Sak 05/18

Godkjenning av revisjonsgodtgjersle for 2017

Godtgjersle til Deloitte AS for revisjonsrelatert tenester for 2017 utgjør kr. 57.000,-.

Styret si tilråding til årsmøtevedtak:

Styret tilråd å godkjenne revisors godtgjersle.

Sak 06/18

Styret sitt framlegg om godkjenning av omdanningsplan frå samvirkeforetak til aksjeselskap i samanheng med gjennomføring av transaksjonsavtale med BKK AS og vedtektsendring.

Styret viser til informasjon til medlemmene om den planlagde omdanninga av Etne Elektrisitetslag SA ("Etne Elektrisitetslag") til medlemsmøtet den 24. april 2018, kor det blei gjort rede for arbeidet med en samanslåing med BKK. I den planlagde samanslåinga er det en føresetnad at Etne Elektrisitetslag først blir omdanna til eit aksjeselskap. Årsmøtet i Etne Elektrisitetslag skal ta stilling til omdanningsforslaget på det ordinære årsmøtet den 23. mai 2018.

Konklusjonen etter prosessen med BKK og transaksjonsavtalen slik denne førelegg, er at Etne Elektrisitetslag SA må vegen om et aksjeselskap, uansett kva for ei selskapsform det er ynskje om på lengre sikt. Grunnlaget for SA forsvinner etter transaksjonen. Det er ønskjeleg at aksjeselskapet, Etne Elektrisitetslag AS da får vedtekter med eit formål og innhald som knyt seg til allmenntilrettelegging og aktivitetar.

Omdanninga frå samvirkeforetak til aksjeselskap inneber at alle aktivitetar og verdiar i Etne Elektrisitetslag blir overført til et aksjeselskap, Etne Elektrisitetslag AS, som skal stiftast som en del av omdanninga. Etne Elektrisitetslag sine medlemmer, dvs. de som er medlemmer per 31. mars 2018, vil bli aksjeeigarar i aksjeselskapet.

Fordelinga av aksjar til medlemmene blir gjennomført etter omdanningsreglene i samvirkeoven, som seier at aksjefordelinga skal basere seg på samhandelen med Etne Elektrisitetslag de siste fem årene, dvs. i perioden 31. mars 2013 til 31. mars 2018. All samhandel i denne perioden vil være relevant, dvs. samhandel i form av bl.a. nettleige og straumkjøp frå Etne Elektrisitetslag. Det er nærare utgreidd for fordelinga av aksjar i omdanningsplanen datert 23. april, 2018 punkt 5. Kvar eigar vil etter forslag til vedtekter få ei stemme på generalforsamlinga uavhengig av eigarandel.

Styret i etne elektrisitetslag SA gjorde slikt vedtak på styremøtet den 23. april, 2018:

"Styret slutter seg til den grunnleggjende som kjem fram i omdanningsplanen og vedtar samrøystes å invitere årsmøtet til å fatte fylgjande vedtak:



Årsmøtet godkjenner omdanningsplanen datert 23. april, 2018 for omdanning av Etne Elektrisitetslag SA frå samvirkeforetak til aksjeselskap. Vedtektene blir endra slik at dei etter vedtektsendringa lyder slik som kjem fram av framlegg til vedtekter inntatt som vedlegg til omdanningsplanen."

Saksdokumenta er utlagt til gjennomsyn på Etne Elektrisitetslag sitt kontor, og på vår heimeside www.etneelag.no 4 veker fram til gjennomføring av det ordinære årsmøtet og kan lastast ned av medlemmene der. Det same gjeld omdanningsplanen med tilhøyrande dokument . Medlemmene kan få tilsendt saksdokumenta, herunder omdanningsplanen med tilhøyrande dokument dersom ein ber om det. Alle medlemmer vert med dette kalla inn til møtet.

Vedlegg:

2. Vedtekter Etne Elektrisitetslag AS
3. Styrets redegjørelse

Sak 07/18

Val

Styret:

Styret, består av 7 medlemmer og tre varamedlemmer. Dei vart valde på følgjande måte:
6 medlemmer og 2 varamedlemmer blir valde av årsmøtet.
1 medlem med personleg varamedlem vert valde av og mellom dei tilsette

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

a) Styret:

Styremedlem: Gunnvor Nervik på val, tek ikkje gjenval:

Forslag: Gøril Eidhammer

Sigbjørn ikkje på val, grunna lang tenestetid

Forslag på nytt styremedlem frå valnemnda: Alf Ove Birkenes tenestetid, 2 år

Styremedlem: Unni Matre, står ikkje på val

Styremedlem: Wenche Irene Drange på val tenestetid, 2 år

Lars Jørgen Stålesen, står ikkje på val

Martin Fitje, står ikkje på val

Styremedlem tilsette: Torstein Kristiansen (valt blant dei tilsette) tenestetid, 2 år

Varamedlem tilsette: Gunnar Melkeraaen ikkje på val

Varamedlem til Styret:

varamedlem 1: Linda S. Jørgensen står ikkje på val

varamedlem 2: Forslag frå valnemnda: Leif Grindheim tenestetid, 2 år

b) Styreleiar:

Styreleiar: Wenche Irene Strand Drange står på val

Forslag på ny styreleiar frå valnemnda: Wenche Irene Drange tenestetid, 1 år



Valnemnda:

Valnemnda, skal bestå av tre personar, der vekselvis ein og to personer blir vald kvart år.
Valnemnda vel sjølv sin leiar.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Medlem: Kjersti Skogen på val	tenestetid, 2 år
Forslag frå valnemnda: Bjarte Dagestad	tenestetid, 1 år
Tora Lilledal, står på val (ønskjer attval)	tenestetid, 2 år

Leiar i valnemnda: Tora Lilledal er internt valt	tenestetid, 1 år
--	------------------

Sak 08/18

Fastsetjing av godtgjersle for tillitsvalde

Noverande satsar vart vedtekne på årsmøte 23. mai, 2018.

Valnemnda si tilråding til årsmøtevedtak:

Møtegodtgjørsla til styre og valnemnda aukast med 2%. Reiser/opphald etter statens reiseregulativ.

FULLMAKT	Dersom de ikkje sjølv kan møta på årsmøtet, kan denne fullmakta nyttast av fullmechtig	
Namn medlem:		
(Namn med blokkbokstavar)		
Adresse medlem:		
Gjev med dette:		Fullmakt til å møta og røysta på mine vegne på årsmøtet i Etne Elektrisitetslag SA, 23. mai 2018
(Namn med blokkbokstavar)		
Stad:	Dato:	Underskrift:



**ETNE
EL.LAG**

**VEDTEKTER
FOR
ETNE ELEKTRISITETSLAG AS**

§ 1 Føretaksnamn

Selskapets namn er Etne Elektrisitetslag AS

§ 2 Forretningsstad

Selskapets forretningskontor er i Etne kommune.

§ 3 Føremål

Selskapets føremål er å eiga aksjar i BKK AS. Selskapet kan også driva, delta i eller samarbeida med andre selskap om digital kommunikasjon, bygde- og næringsutvikling og andre aktivitetar med forretningsmessig tilknytning til Etne Elektrisitetslag SA sitt konsesjonsområde per 1. januar 2018 (seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområdet").

Selskapet skal i tillegg ta del i eller støtta samfunnsnyttige tiltak og aktivitetar, samt fremja allmennyttige føremål til beste for innbyggjarane i konsesjonsområdet. Selskapet har som mål å vera ei levande kraft i lokalmiljøet.

Selskapet har ikkje til føremål å skaffe eigarane økonomisk utbyte, men generalforsamlinga kan likevel etter framlegg frå styret, vedta å disponera inntil 10 % av overskotet, som utbyte til aksjonærane.

§ 4 Aksjekapital

Aksjekapitalen er kr 12 452 851,90 fordelt på 124 528 519 aksjar, kvar pålydande kr 0,10. Aksjane kan ikkje pantsetjast.

Selskapets aksjar skal vera registrert i eit verdipapirregister.

Ingen kan eige meir enn 10 % av aksjane i selskapet.

§ 5 Samansetting av styret

Selskapet skal ha eit styre som inneheld sju medlemmer og tre varamedlemmer. Kvart kjønn skal være representert med minst tre medlemmer og eit varamedlem.

Seks av styremedlemmene skal veljast av generalforsamlinga for to år om gangen, men likevel slik at tre og tre går ut anna kvart år. Generalforsamlinga vel i tillegg, blant disse seks styremedlemmene, styret sin leiar for eit år om gongen.

Eit styremedlem og eit varamedlem skal veljast av og blant dei tilsette for to år om gongen.

Alle styremedlemer må eiga aksjar i selskapet og tilfredsstilla krava for å erverva aksjar som fastsett i § 9.

Dagleg leiar har uttalerett og gir normalt anbefaling i saker som skal bli handsama av styret, men har ikkje stemmerett i styremøta. Dagleg leiar kan likevel krevja sitt standpunkt i ei sak protokollert.

§ 6 **Styret sine oppgåver mm**

Styret forvaltar selskapet si drift og skal sørgja for tilfredsstillande organisering. Styret sine oppgåver omfattar dermed blant anna:

- a) å leia selskapet i samsvar med vedtekter og vedtak fatta på generalforsamlinga,
- b) å leggja fram revidert rekneskap (som følgjer kalenderåret) og årsmeldinga kvart år for godkjenning av generalforsamlinga,
- c) å fastsetja planar, budsjett og retningslinjer for forretningsdrifta,
- d) å fastsetja ein styreinstruks som gir nærmare regler om styrearbeidet og sakshandsaminga,
- e) å treffa alle avgjerder som gjeld stillinga som dagleg leiar, her under blant anna å tilsette, suspendera eller avsetja dagleg leiar, samt fastsetja løn, arbeidsvilkår og instruksar,
- f) å halda seg orientert om selskapet sin økonomi og sjå etter at drifta av forretninga, rekneskap og forvaltninga av formue er under tilfredsstillande kontroll og
- g) å setja i verk dei undersøkingar som styret finn nødvendig for å utføre sine oppgåver.

Styremøtet skal haldast minst tre gonger i året, etter innkalling frå styreleiar. Utover dette skal styremøtet haldast når styreleiar finn det nødvendig, eller når dagleg leiar eller styremedlemmene krev det.

§ 7 **Signatur**

Styret representerer selskapet utad og teiknar selskapets firma.

Selskapets firma vert i tillegg teikna av dagleg leiar og styreleiar i fellesskap eller to styremedlem i fellesskap. Styret kan gi prokura.

§ 8 **Dagleg leiar**

Dagleg leiar skal stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd og skal følgja dei retningslinjer, instruksar og pålegg styret gir. Her under skal dagleg leiar sørge for at selskapet sine rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at forvaltninga av formue er gjort på ein fullgod måte. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i selskapet er av uvanleg karakter eller omfang.

§ 9 **Krav om geografisk tilknytning**

Aksjar i selskapet kan berre ervervast av privatpersonar og føretak som er busette og har eigedom i, eller har registrert forretningsadresse innanfor konsesjonsområdet. Med erverv meiner ein i denne samanheng alle overføringar av aksjar, medrekna ved arv, fusjon/fisjon m.m.

Erverv av aksjar skal godkjennast av styret i samsvar med aksjelova §§ 4-16 og 4-17. Samtykke kan berre nektast dersom det ligg føre sakleg grunn.

Aksjelova sine regler om forkjøpsrett (§§ 4-19 til 4-23) gjeld ikkje ved eigarskifte av aksjar i selskapet.

§ 10 **Generalforsamlinga**

Innkalling til generalforsamling skal vera sendt seinast ei veke før møtet skal haldast.

Dokument som gjeld saker som skal opp på selskapets generalforsamling, medrekna dokument som etter lov skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga, treng ikkje sendast til aksjeeigarane viss dokumenta er tilgjengelege på selskapet si heimeside. Ein aksjeeigar kan likevel krevja å få tilsendt dokumenta som gjeld saker som skal opp på generalforsamlinga.

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad. På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål takast opp og avgjerast:

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmeldinga, medrekna tildeling av midlar i tråd med føremålet i § 3.
- Val av styret.
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

§ 11 **Stemmerett på generalforsamlinga**

På generalforsamlinga har kvar aksjeeigar ei stemme. Stemmer som blir avgjevne av ein fullmektig, skal telja som om dei var fullmektigen sine egne, dvs. at kvar fullmektig berre har ei stemme, likevel slik at ein fullmektig som også er aksjeeigar, kan avgje to stemmer.

Endring av stemmerettsreglane i § 11 krev tilslutning frå $\frac{3}{4}$ av stemmene på ei generalforsamlinga der minst 50 % av aksjekapitalen er representert. Det same gjeld endring av føresegna i § 3 tredje ledd om at selskapet ikkje har til føremål å skaffe eigarane økonomisk utbytte, og endring av føresegna i § 14 andre ledd om nytting av likvidasjonsoverskott.

§ 12 **Valnemnd**

selskapet skal ha ei valnemnd på tre personar, der vekselvis ein og to personar blir vald kvart år. Valnemnda vel sjølv sin leiar.

Valnemnda skal leggja fram for generalforsamlinga forslag til styreleiar og styremedlemmer med varamedlemmer, samt valnemndmedlemmer. Valnemnda si innstilling skal vera skriftleg og skal leggjast fram for selskapet sine medlemmer saman med innkallinga til ordinær generalforsamling. Valnemnda skal også føreslå generalforsamlinga sin møteleiar samt godtgjersle til styret sine medlemmer og andre tillitsvalte.

Alle medlemmer av valkomiteen må eiga aksjar i selskapet og tilfredsstilla krava for å erverva aksjar som bestemt i § 9.

Generalforsamlinga skal vedta instruks for valkomiteen. Generalforsamlinga fastset honorar til valkomiteens medlemmer etter forslag frå styret.

§ 13 Revisor

Generalforsamlinga vel ein revisor som i samsvar med god revisjonsskikk granskar og kontrollerer selskapet sin økonomi og reviderer selskapet sitt rekneskap.

Revisor gir revisjonsmelding til generalforsamlinga i samsvar med aksjelova.

Generalforsamlinga fastset godtgjerdsla til revisor etter forslag frå styret.

§ 14 Oppløysing

Vedtak om oppløysing krev tilslutning frå $\frac{3}{4}$ av stemmene på generalforsamlinga. Viss eit forslag om oppløysing ikkje får slikt fleirtal, kan saka reisast i ny generalforsamling tidlegast ein månad seinare, som då kan gjera slikt vedtak med det fleirtal som aksjelova bestemmer.

Eit likvidasjonsoverskott skal nyttast til å fremja allmennyttige tiltak i konsesjonsområdet, eventuelt kan overskotet overførast til ei almennyttig stifting som har til føremål å fremja almennyttige tiltak i konsesjonsområdet. Forslag om oppløysing skal følgja innkallinga til generalforsamlinga med forslag frå styret om korleis likvidasjonsoverskotet skal nyttast. I samband med ei slik oppløysing kan generalforsamlinga også vedta at aksjane i BKK AS og andre eigendelar skal overførast til stiftinga.

REDEGJØRELSE TIL ÅRSMØTET I

ETNE ELEKTRISITETSLAG SA

FOR OMDANNING FRA SAMVIRKEFORETAK TIL AKSJESELSKAP

UTARBEIDET AV STYRET I ETNE ELEKTRISITETSLAG SA

1 BAKGRUNN OG BEGRUNNELSE

Denne redegjørelsen for omdanningsplan er utarbeidet den 23. april 2018 av styret i Etne Elektrisitetslag SA, organisasjonsnummer 971 028 513 ("Etne SA" eller "Samvirkeforetaket") i henhold til samvirkeoven § 146 tredje ledd, jf. aksjeloven § 2-6 og samvirkeoven 149, jf. § 108.

Styret i Samvirkeforetaket vedtok 23. april 2018 omdanningsplan ("**Omdanningsplanen**"), hvor Samvirkeforetaket omdannes til et aksjeselskap i henhold til samvirkeoven kapittel 11, og endrer navn til Etne Elektrisitetslag AS ("**Etne AS**" eller "**Selskapet**"). Ved omdanningen vil Samvirkeforetaket sine eiendeler, rettigheter og forpliktelser som helhet overdras til et aksjeselskap, Selskapet, mot at medlemmene i Samvirkeforetaket blir aksjeeiere i Selskapet. Fordelingen av aksjer er nærmere beskrevet under punkt 2 i denne redegjørelsen.

For nærmere om bakgrunnen og begrunnelsen for omdanningen vises det til Omdanningsplanen punkt 1.

Vedlagt denne redegjørelsen følger årsregnskap, årsberetning og revisjonsberetning for Samvirkeforetaket for de siste tre år (inntatt som Vedlegg 2 til denne redegjørelsen). Det vises til disse for en nærmere oversikt over virksomheten, særlig de økonomiske forhold.

Sist fastsatte balanse for Etne Elektrisitetslag SA er pr. 31.12.2016. Fra sist fastsatte balanse og frem til 31.03.2018 har Etne Elektrisitetslag SA oppnådd et positiv resultat etter skatt på NOK 3 488 207. Det er ingen vesentlige endringer i selskapets virksomhet, virksomhetsområder eller balansesammensetning i perioden etter 31.12.2016 og frem til dagens dato.

2 FORDELING AV AKSJER

De gjeldende vedtektene i Samvirkeforetaket inneholder ingen regler for omdanning. Det følger av samvirkeoven § 147 tredje ledd at fordelingen av aksjer ved omdanning "skal skje etter føresegnene i § 135 femte ledd andre og tredje punktum", dvs. etter de samme lovregler som gjelder ved oppløsning. I dette ligger det at aksjene må fordeles mellom medlemmene på grunnlag av samhandelen deres med Samvirkeforetaket. Samvirkeoven sitt utgangspunkt er at det er samhandelen de siste fem årene som er relevant i den utstrekning det ikke er fastsatt lengre eller kortere perioder i Samvirkeforetaket sine gjeldende vedtekter. Samvirkeforetaket sine vedtekter inneholder ingen slik regulering, og da vil det være lovens alminnelige utgangspunkt som bestemmer fordelingen av aksjer mellom medlemmene.

Den forholdsmessige fordelingen av aksjer mellom medlemmene vil således basere seg på samhandelen mellom medlemmene og Samvirkeforetaket de siste fem årene, dvs. i perioden 31. mars 2013 til 31. mars 2018. Alle personer og foretak som er medlemmer i Samvirkeforetaket per 31. mars 2018, vil ha rett til aksjer i Selskaper. Med medlemmer mener en de som har betalt andelsinnskuddet.

Samhandelen er regnet ut fra hva det enkelte medlemmet har blitt fakturert, dvs. at det er den personen som står på fakturaen som blir godskrevet samhandelen og som derfor vil bli tildelt aksjer. Fakturaen må være betalt for å bli regnet med som samhandel. All samhandel i den angitte fem års- perioden vil være relevant, dvs. samhandel i form av bl.a. nettleie og strømkjøp fra Samvirkeforetaket. Offentlige avgifter som medlemmene har betalt i sammenheng med samhandelen, er ikke tatt med i utregningen. I de tilfellene der abonnementet tidligere har stått på flere personer, vil den felles samhandelen deres bli tatt med utregningen av samhandelen for vedkommende som stå oppført som abonnement hos Samvirkeforetaket den 31. mars 2018.

Utregningen av samhandelen har vært en omfattende oppgave, der siktemålet har vært å behandle alle medlemmer likt. Siden det er et stort antall personer som har hatt samhandel, og den relevante perioden er så lang som fem år, har en vært helt avhengig av å benytte de data som ligger i kundeinformasjonssystemet fra Enoro AS.

Beregnet total samhandling i fem års- perioden – avrundet til nærmeste hele krone - er NOK 124 528 519. For hver krone samhandel, vil medlemmene få tildelt én aksje. Ved omdanningen vil det bli utstedt totalt 124 528 519 aksjer. Antall aksjer som tildeles det enkelte medlem beregnes ut fra det enkelte medlem sin samhandel – avrundet til nærmeste hele krone etter alminnelige avrundingsregler.

Medlemmer som har rett til å få aksjer ved omdanningen, vil få brev med beskjed om hvor mange aksjer de vil få som resultat av omdanningen. Antall aksjer som blir tildelt kan endres dersom det i ettertid kommer frem nye opplysninger eller dersom det viser seg at fordelingen var feil.

Det ligger i ovennevnte at det i sammenheng med omdanningen ikke vil skje noen utbetaling av midler som måtte stå inne på medlemskapitalkonto eller etterbetalingsfond. Det vil i sammenheng med omdanningen heller ikke skje noen utbetaling av andelsinnskudd.

Fremgangsmåten ved fastsettelsen av aksjefordelingen til medlemmene i Samvirkeforetaket har etter styrets oppfatning vært hensiktsmessig. Det har ikke vært særlige vanskeligheter ved fastsettelsen av aksjefordelingen. Styret er videre av den oppfatning at aksjefordelingen til medlemmene i Samvirkeforetaket er rimelig og saklig begrunnet.

3 EIENDELER SOM OVERTAS OG PRINSIPPER FOR FASTSETTELSEN AV VERDI AV DE EIENDELER SELSKAPET SKAL OVERTA

I Omdanningsplanen er det foreslått at Selskapet skal overta andre formuesverdier enn penger mot at medlemmene i Samvirkeforetaket blir aksjeeiere i Selskapet, dvs. at Selskapet skal overta det Samvirkeforetaket sine eiendeler, rettigheter og forpliktelser som helhet.

For øvrig vises det til utkast til åpningsbalanse per 31. mars 2018 inntatt i Vedlegg 1 til Omdanningsplanen. Åpningsbalansen er utarbeidet på grunnlag av regnskapsmessig kontinuitet. Dette innebærer at regnskapsmessige verdier på eiendeler og gjeld Etne Elektrisitetslag SA pr. 31. mars 2018 videreføres i åpningsbalansen for Etne Elektrisitetslag AS pr. 31. mars 2018, jfr. aksjeloven § 2-7, annet punktum.

Nedenfor er det gitt en beskrivelse av verdsettelsen av den virksomhet som overtas av det Overtakende Selskap.

Verdivurderingen av den virksomhet som overtas av det Selskapet er beregnet på grunnlag av følgende prinsipper:

Verdivurderingen i åpningsbalansen er i samsvar med prinsippene i regnskapsloven og "god regnskapsskikk" (GRS).

Verdsettelsen gir derfor uttrykk for bokførte verdier av Samvirkeforetaket per 31. mars 2018.

Styret i Samvirkeforetaket slutter seg til verdsettelsen som er lagt til grunn for omdanningen. Virkelig verdi av de eiendeler og forpliktelser som Etne Elektrisitetslag AS overtar ved stiftelsen antas å overstige bokført verdi.

Den benyttede fremgangsmåte for fastsettelse av størrelsen på eiendelene Selskapet skal overta er etter styrenes oppfatning hensiktsmessig.

Styret i Samvirkeforetaket kjenner ikke til forhold vedrørende de eiendeler som skal overtas ved omdanningen i tiden etter dato for åpningsbalanse som skulle tilsi vesentlige endringer i verdsettelsen.

4 OPPLYSNINGER OM FORHOLD AV BETYDNING VED BEDØMMELSEN AV OMDANNINGSPLANEN

Styret er ikke kjent med at det foreligger andre forhold som kan være av betydning for vurderingen av eiendelene som skal overtas og for gjennomføring av omdanningen, enn det som er tatt hensyn til ved verdsettelsen eller for øvrig omtalt i denne redegjørelsen.

5 KRAVET TIL FORSVARLIG EGENKAPITAL

Samvirkeforetaket har i dag forsvarlig egenkapital i henhold til samvirkeloven § 25. Selskapet vil ha de samme eiendeler, rettigheter og forpliktelser, og drive den samme virksomheten etter omdanningen som Samvirkeforetaket i dag. Omdanningen vil derfor ikke få noen betydning for Samvirkeforetakets reelle eller bokførte egenkapital, og av denne grunn vil ikke omdanningen være i strid med kravet til forsvarlig egenkapital.

6 ERKLÆRING

Styret bekrefter at de eiendeler, rettigheter og forpliktelser som selskapet skal overta ved stiftelsen kan oppføres i balansen til en samlet nettoverdi som minst tilsvarer pålydende av de 124 528 519 aksjene hver pålydende NOK 0,10 som utstedes til medlemmene, med tillegg av overkurs, det vil si et samlet aksjeinnskudd på NOK 59 643 207, hvorav NOK 12 452 851,90 er aksjekapital og NOK 47 190 355,10 er overkurs.

Selskapet vil med dette ha en egenkapital som minst tilsvarer den aksjekapitalen med tillegg av overkurs, Selskapet skal ha etter omdanningen.

7 VEDLEGG


Som vedlegg til redegjørelsen følger:


- 1 Bekreftelse av statsautorisert revisor av denne redegjørelsen
- 2 Årsregnskap, årsberetning og revisjonsberetning for 2014, 2015 og 2016 for Etne Elektrisitetslag SA


* * *


[Resten av siden blank – signaturside følger]


STYRET I ETNE ELEKTRISITETSLAG SA


Wenche Irene Strand Drange, styrets leder



Sighjörn Tjelmeland, nestleder


Unni Matre, styremedlem


Gunnvor Helene Nervik, styremedlem


Lars Jørgen Stålesen, styremedlem


Torstein Kristiansen, styremedlem


Martin Fitje, styremedlem